

Interkommunal Strandsoneplan

Høring av forslag til fellesrapport

Innleiing

Forslag til fellesrapport for Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa vert med dette lagt ut på offentlig høring. Høyringsfrist er sett til 1.oktober.

Den interkommunale planen skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane. Planen skal visa arealformål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona. Kvart kommunestyre i dei deltakande kommunar skal treffa endeleg vedtak for sitt område.

Planarbeidet vert gjennomført på kommuneplannivå som kommunedelplan etter kapittel 11 i Plan- og bygningslova, og omfattar i hovudsak 100-metersbeltet langs sjøen og 50m ut i sjø frå strandlina. Kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Fusa er med i plansamarbeidet.

I denne omgang er det rapporten om fellesdelen som vert sendt på høring.

Stutt om fellesrapporten

Den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa er samansett av ein fellesdel og kommunedelplanar for kvar kommune. Planarbeidet er forankra i planprogrammet som kommunane tidlegare har godkjent.

Fellessdelen inneheld målsettingar, registreringar med temakart med felles kunnskapsgrunnlag og felles planføresetnader for planarbeidet i kommunane. I fellessdelen ligg også utkast til mal for føresegner som kommunane kan leggja til grunn ved utarbeiding av føresegner til sine kommunedelplanar.

Planen inneheld dei tema/ føremål som er naturleg å ta opp for ein arealplan som omfattar strandsona på eit kommunalt overordna nivå. Det vil her vera særleg aktuelt å sjå på tema som er felles for kommunane når det gjeld bruk og vern av areal i strandsona.

Det er difor gjort registreringar og vurderingar i tilknytning til følgjande tema:

- Friluftsområde, regionale og lokale
- Område med spesielle natur- og landskapskvalitetar
- Sikring av større, viktige friluft- og landskapsområde
- Kulturminneområde, kystkultur m.m.
- Område for næringsutvikling, hamneanlegg, reiselivsanelegg
- Felles båthamner/bryggeanlegg, naustområde, fellesnaust
- Bustadområde og område for fritidsbustader
- Fortettingsområde

For kulturminne er det utarbeidd ein egen delrapport som følgjer som vedlegg.

Planarbeidet har vore gjennomført i nært samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, særleg har det vore omfattande drøftingar når det gjeld utarbeiding av mal for felles føresegner. Kommunane har ut frå eit perspektiv om lokalt sjølvstyre lagt vekt på å få fram det

Interkommunal Strandsoneplan

handlingsrommet som kommunane har innan for dagens planlovverk til å fastsetja ei lokalt tilpassa, balansert og differensiert forvaltning og utvikling av strandsona.

Tidlegare utkast til rapport (utgåve 01) har vore sendt på intern høyring til kommunane og regionalt nivå. Det kom då fram sterke innvendingar frå regionalt nivå til kommunane si tolking av lokalt handlingsrom spesielt med omsyn til plankrav, bygging av naust m.m. Dette forslaget til rapport, (utgåve 3) som no vert sendt på høyring, er revidert på bakgrunn av merknadene frå denne høyringa.

Del to i planarbeidet som omfattar kommunedelplanane, vert utarbeidd av den einkilde kommune og vert den juridiske bindande delen av den interkommunale planen. Desse planane som omfattar konkrete forslag til arealutnytting, og som byggjer på føringar og retningslinjer i fellesrapporten, vil kommunane senda på høyring seinare.

Høyringsdokument

Høyringsdokument i saka er fellesrapporten «Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Fellesdel. Utgåve 03» som er lagt ut på Samarbeidsrådet si heimeside med følgjande link: <http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/prosjekt/strandsoneprosjekt> . Her finn du og delrapporten om kulturminne, planprogram, tidlegare utgåve (utgåve 01) av fellesrapporten med tilhøyrande høyringsmerknader.

Dokumenta er og utlagt og kan lesast på Samarbeidsrådet sitt kontor, Borggata 57 på Leirvik og i dei respektive rådhusa/kommunehusa til deltakande kommunar. Høyringa vert og kunngjort i lokale og regionale aviser.

Innsending av merknader/kontaktpersonar

Eventuelle merknader kan sendast innan 1. oktober 2015 til Samarbeidsrådet i Sunnhordland, postboks 444, 5403 Stord, eller pr e-post til firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no Du kan få nærare opplysningar ved å venda deg til Samarbeidsrådet tlf. 53 45 67 90, eller prosjektleiar tlf. 91 00 16 43, e-post to-mbj@online.no Du kan og venda deg til følgjande kontaktpersonar i kommunane:

Austevoll, tlf. 55 08 10 27, Solveig Alvsaker
Bømlo, tlf. 53 42 30 00, Toralf Meling
Etne, tlf. 53 75 80 00, Erik Kvalheim
Fitjar, tlf. 53 45 85 00, Atle Tornes
Kvinnherad, tlf. 53 48 31 00, Kjartan Thoresen
Stord, tlf. 53 49 66 00, Ove Kvalnes
Sveio, tlf. 53 74 80 00, Åse Aleheim
Tysnes, tlf. 53 43 71 11, Laila Jane Hope
Fusa, tlf. 56 58 01 00, Helle Holte Bruland

Stord, 17.06.2015

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Tore Bjelland
prosjektleiar

Interkommunal Strandsoneplan

Vedlegg: Forslag til fellesrapport <http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/prosjekt/strandsoneprosjekt>